

# AVTALE OM LEIGE AV JORD

## 1. Omfanget av avtalen

\_\_\_\_\_ (heretter kalla eigar) leiger til

\_\_\_\_\_ (heretter kalla leigar)

følgjande areal på eigedomen \_\_\_\_\_ gnr \_\_\_\_\_

bnr \_\_\_\_\_ i \_\_\_\_\_

Arealslag	Daa
Fulldyrka jord	
Overflatedyrka jord	
Innmarksbeite	

Det leigde arealet skal drivast som tilleggsjord til eigedomen

\_\_\_\_\_ gnr \_\_\_\_\_ bnr \_\_\_\_\_ i \_\_\_\_\_

Leigaren får rett til å bruke eksisterande transport- og driftsvegar i drifta av leigeareala.

Anna som kjem inn under leigeavtalen:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Vedlagte kart viser leigeavtalens areal.

## 2. Tidsrommet avtalen gjeld.

Avtalens er gyldig i \_\_\_\_\_ år rekna frå \_\_\_\_\_ (dato/år).

Det kan ikkje avtalast kortare leigetid enn 10 år. Avtalen kan ikkje seiast opp i leigetida, sjå likevel punkt 8.

### 3. Arealas tilstand og bruk.

Leigaren overtek landbruksareala, gjerde og vegar i den tilstand dei er når leigeavtalen tek til å gjelde. Areala skal nyttast til jordbruksføremål og skal drivast på ein agronomisk forsvarleg måte. Leigaren overtek dei pliktar som eigaren har i samband med vedlikehald av gjerde og vegar. Leigaren er ansvarleg for å etterkome offentlege påbod og forskrifter ved bruk av areala. Ved opphøyr av leigeavtalen skal areala, gjerda og vegane vere i like god stand som ved overtakinga. Det kan setjast opp ein tilstandsrapport over landbruksareala, gjerde og vegar av partane i fellesskap, eller det kan haldast skjønn av representantar som partane vel.

### 4. Vedlikehald og nydyrking.

Leigaren har rett til å drenera areala etter behov. Dette gjeld og for nydyrking og for bygging av transportveg til nydyrkingsfelt. Arbeidet skal utførast etter planar godkjend av eigaren. Offentlege driftstilskot for det nydyrka areal tilfell leigaren. Eventuelle investeringstilskot fordelast mellom eigar og leigar etter avtale.

### 5. Leigeavgift.

Leigeavgifta er kr \_\_\_\_\_ pr år.

Avgifta skal betalast første gong \_\_\_\_\_ og sidan årleg til same dato. Etter krav frå ein av partane kan leigeavgifta regulerast etter \_\_\_\_\_ år.

### 6. Framleige.

Framleige er ikkje tillete utan samtykke frå eigaren, og det kan ikkje skje utan at eigaren har fått løyve til slik endring i høve til jordlova § 8a.

### 7. Eigarskifte.

Om eigaren døyr eller heimelen skiftar på annan måte, trer den nye eigaren inn i avtalen med dei same rettar og pliktar som tidligare eigar.

Ved eigarskifte på leigarens eigeidom har den nye eigar rett til å overta avtalen uendra.

### 8. Mislighald.

Vesentleg mislighald av denne avtalen gjev både eigar og leigar rett til å krevje leigetilhøve avslutta. Som vesentleg mislighald vert t.d. rekna at leigeavgifta ikkje er betalt innan 6 månadar etter fristen eller at areala vert brukt til andre føremål enn landbruk. Som vesentleg mislighald reknast og framleige som ikkje er godkjent av eigaren, eller at gjerde og/eller vegar ikkje blir vedlikehalde om dette er leigars ansvar. Det same gjeld når jorda vanhevdast.

### 9. Tvist om avtalen.

Tvist eller tvil om denne avtalens forståing avgjerast med bindande verknad av ein skiltdomsnemnd som skal bestå av tre medlemmer. Partane skal oppnemna ein representant kvar og desse skal oppnemna ein leiar. Dersom representantane ikkje blir einige om leiar av

nemnda, skal leiaren oppnemnst av sorenskrivaren. Skiltdomsnemnda fordeler kostnadane ved skiltdomen mellom partane.

Før tvisten bringes inn for skiltdomsnemnda, skal forhandlingar om minnelig løysning vere forsøkt.

#### 10. Tinglysing.

Avtalen kan tinglysast. Kostnadane for tinglysing skal leigar bere.

#### 11. Anna.

Denne avtalen er i tre eksemplar kor partane beheld kvar sin og den tredje oppbevarast av kommunen.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ eigar \_\_\_\_\_ leigar

Som eigars ektefelle samtykke eg i leigeavtalen.

\_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ ektefelle

Me stadfestar at partane eigenhendig har underteikna avtalen i vårt nærvære, og at dei er over 18 år.

\_\_\_\_\_, den \_\_\_\_\_

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

